



ABO hage og minigraver service AS  
Atle Andreas Boland  
Kolåshøyen 4  
5135 FLAKTVEIT

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/632 - 15/21088

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
04.06.2015


## Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 56/82 Hundvin - veg

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad journalført 20.02.2015.


### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert **delar** av søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden gjeld «bygging av tilkomstveg for «firehjuls motorsykkel – «ATV»». Det omsøkte tiltaket er vist på innsendt situasjonsplan fram til privat veg. Det er ikkje sendt inn lengdeprofil eller snitt av vegen som viser korleis tiltaket vil sjå ut i terrenget. Dette må sendast inn.
2. Det er opplyst at eigedomen har ein lang ikkje køyrbar veg-/sti fram til eigedomen med ei lengde på ca. 100 m. Den godkjente tilkomsten er ca. 200 meter unna. Vi forstår søker slik at nærmaste bygd avkjørsle blir bruk. Etter det vi kan sjå er vegen fram til tomten ikkje godkjent for køyretøy. Vi kan heller ikkje sjå at det er gjeve utvida bruksløyve for bruk av avkjørsla like ved driftsbygningen på 56/10. Det har tidlegare ikkje vore vegforbindelse mellom denne avkjørsla og fritidsbustaden, jf. godkjent situasjonsplan handsama den 07.01.1978 som viser gangveg sørover:



Dersom de meiner at vegen fram til eigedomen frå avkøyrsla like ved driftsbygningen på 56/10 er lovleg etablert, ber vi at dette dokumenterast.



3. Vidare er det oppdaga at det er avvik mellom fritidsbustaden slik den er oppført og godkjente teikningar. Vi ber om tilbakemelding om kva tilbygget og den frittståande bygningen like ved fritidsbustaden er nytt til. Det kan sjå ut som at desse tiltaka ikkje har vore byggemeldt tidlegare. Begge tiltaka synes å vere søknadspliktig. Det kan også sjå ut som at bygningane delvis kan vere plassert på annan manns eigedom. Dette må avklarast

Orto 2009:



Skråfoto 2012:



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.09.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Svein-Erik Malkenes

Apeltunlien 136

5239

RÅDAL

**Mottakarar:**

ABO hage og minigraver service AS      Kolåshøyen 4      5135      FLAKTVEIT